

Plan- og miljøutvalet

Møteprotokoll

Møtedato:	23.04.2026
Møtestad:	Øygarden rådhus - Kultursalen
Møtetid:	Kl. 14:00 - 19:00

Medlemer som møtte	Parti
Rebekka Bjelkarøy Moldøyen	Arbeidarpartiet
Silje Ulveseth	Arbeidarpartiet
Anfinn Hammer Feng	Fremskrittspartiet
Anita Vindenes	Høgre
Elisabeth Erichsen Sandvik	Høgre
Michael Sangolt	Høgre
Trond Ågotnes	Industri- og næringspartiet
Børge Haugetun	Sotralista-TVØ
Symphorien Pombe	SV - Sosialistisk Venstreparti

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Ole Iben Vårdal	H	Merete Rong Sløveren	H
Josefine Gjertine Bergstrøm	KrF	Kristin Brennhaug	KrF

Andre som møtte	Rolle
Trond Heggstad	Barn- og unge sin talsperson

Frå administrasjonen møtte:

Ole-Karsten Midtgård
Linn-Cecilie Bjordal Martinson
Lena Svalastog Garnes
Mathias Høium Grøgaard
Mathias Vallestad
Are Frøysland Grande
Reidun Våge Danielsen
Marian Guddal Hansen
Ivan Nakken
Lennart Falkenberg-Arel
Jarle Kvalvik
Christer Garman

Merethe Rong Sløver perm frå sak PS26/26 ca 18:00

Møteleiar	Børge Haugetun
Møtesekretær	Lisbeth A. Lyngbø

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
020/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
021/26	Referatsaker og orienteringar	
022/26	Vurdering av opning av bassenget ved Fjell ungdomsskule	
023/26	Endring av plan og ny høyring - områderegulering for Energiparken GBNR 240/115 m.fl. - Blom	
024/26	1. gangsbehandling - detaljregulering for Heimavågen GBNR 26/180 m.fl. - Vindenes	
025/26	Vidare prosess for områderegulering for Branndalsåsen - GBNR 34/1 m-fl.	
026/26	Fullmakt til å overføre gamle skulebygg - Glesnes, Telavåg, Algrøy og delar av Sund skule	
027/26	Sal av kommunal kai - Stegavika - GBNR 234/180 og 234/183	
028/26	Forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune - Høyring	
029/26	GBNR 238/675 og 789 - Klage på delegert vedtak 020/26 - Vedtak om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av støyskjerm i form av torvmur	
030/26	GBNR 246/10 - Klage på delegert vedtak 1641/25 - Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av påbygg til garasje	
031/26	Klage på plan- og miljøutvalet sitt vedtak 004/26 - Vedtak om dispensasjon	
033/26	GBNR 50/663 - Klage på delegert vedtak 021/26 - Avslag på søknad om tiltak med dispensasjon	
032/26	Spørsmål	

020/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Behandling i møtet

Denne saka vart lagt til sakskartet 20.04.26:

- PS 033/26 GBNR 50/663 - Klage på delegert vedtak 021/26 - Avslag på søknad om tiltak med dispensasjon

Plan-og miljøutvalet slutta seg samrøystes til å behandla saka i møtet.

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 020/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik han ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

021/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

Merknader til referatsakene.

034/26 - Kopi av vedtak til PMU som gjeld oppføring av naust

Merknad frå Mikal Sangolt (H). Streng vurdering, erstattar eksisterande naust utan inngrepen i natur. Oppmodnar at ein tar ny vurdering.

037/26 - Sherpa-trapper til Liatårnet - kommunen si involvering i prosjektet

Spørsmål frå Børge Haugetun (SL-TVØ) om status etter møte. Administrasjonen svarar at det nyleg har vore halde møte med tiltakshavar om vidare framdrift. Administrasjonen vil kome tilbake med informasjon om kva inngrep som er nødvendige for å gjennomføre prosjektet.

ORIENTERINGAR

Status og aktuelle saker frå kommunalsjef Silje Haukedal med fleire

- Arealforvaltning v/Are Frøysland Grande
- Tilsyn v/Christer Garman
- Plan v/Lena Svalastog Garnes
- Eigendomsutvikling v/Reidun Våge Danielsen
- Vegforvaltning v/Lennart Falkenberg-Arel
- Byggforvaltning v/Ivan Nakken
- Kultur, idrett og frivilligheit v/Marian Guddal Hansen

Presentasjonar vert lagt ved denne saka.

Det var ingen merknader til orienteringane.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 021/26

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

022/26: Vurdering av opning av bassenget ved Fjell ungdomsskule

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek at bassenget ved Fjell ungdomsskule ikkje vert opna, og legg til grunn at behovet for lovpålagt symjeopplæring vert ivareteke gjennom eksisterande bassengkapasitet ved Stranda, Ågotnes og Hjeltefjorden.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Tilleggsforslag - Nytt punkt 2 Silje Ulveseth Ap

Administrasjonen ser på muligheten om bassenget på Ulveset kan brukast for framtidig symjeopplæring for både Fjell og Ulveset

Behandling i møtet

Orientering

Ivan Nakken orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Presentasjon er lagt ved saka

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes tilrådd.

Tilleggsforslag frå Silje Ulveset(AP) fekk 4 stemmer (2 AP, SV, INP) og fall.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 022/26

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vedtek at bassenget ved Fjell ungdomsskule ikkje vert opna, og legg til grunn at behovet for lovpålagt symjeopplæring vert ivareteke gjennom eksisterande bassengkapasitet ved Stranda, Ågotnes og Hjeltefjorden.

023/26: Endring av plan og ny høyring - områderegulering for Energiparken GBNR 240/115 m.fl. - Blom

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningsloven § 12-10 å legge på høyring områderegulering for Energiparken GBNR 240/115 m.fl. - Blom, planID 20220003.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Behandling i møtet

Habilitet

Merete Rong Sløveren retta førespurnad om ugildskap jamfør forvaltningslova § 6. 2. ledd, då ho sitt i styre i Energiparken. Førespurnad vart samrøystes innvilga.

Det var 10 representantar tilbake i møtet under behandling av denne saka.

Orientering

Ole-Karsten Midtgård orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet.

Presentasjon: [Områderegulering Energiparken](#)

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 023/26

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

Plan- og miljøutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningsloven § 12-10 å legge på høyring områderegulering for Energiparken GBNR 240/115 m.fl. - Blom, planID 20220003.

024/26: 1. gangsbehandling - detaljregulering for Heimavågen GBNR 26/180 m.fl. - Vindenes

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, godkjenner plan- og miljøutvalet at forslag til detaljregulering for Heimavågen, gnr. 26, bnr. 180, 181 m. fl. – Vindenes, planID: 124620170005, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Før planen vert lagt ut på høyring må plandokumenta verte oppdatert med følgjande endringar:

1. Areal i UNB3, sør for naust på gbnr. 26/35, må verte endra til naturområde (GN). Føresegn for GN kan opne for landfeste for flytebrygge.
2. NÆ må verte redusert til å kunn omfatte gbnr. 26/257. Det aktuelle arealet på gbnr. 26/6 skal verte regulert til LNF og omsynssone H720. Ta inn føresegn om at parkering for SH og f_UNB1 skal verte etablert innanfor NÆ.
3. F_PP1 må verte teke ut og endra til naturområde (GN). Det må verte gjennomført sporing av dimensjonerande køyretøy til småbåthamna, vegbreidda til f_V1 skal verte redusert til den breidda som er konklusjon frå sporinga.

Med heimel i pbl. § 12-14 vert det varsla at ved vedtak av reguleringsplanen vil følgjande reguleringsplanar verte oppheva: reguleringsplan for Vindenes, plan id 124619900006, og utbyggingsplan for Vindenes, plan id 124620060045.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Felles endringsforslag Elisabeth Erichsen Sandvik H

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, godkjenner plan- og miljøutvalet at forslag til detaljregulering for Heimavågen, gnr. 26, bnr. 180, 181 m. fl. – Vindenes, planID: 124620170005, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Med heimel i pbl. § 12-14 vert det varsla at ved vedtak av reguleringsplanen vil følgjande reguleringsplanar verte oppheva: reguleringsplan for Vindenes, plan id 124619900006, og utbyggingsplan for Vindenes, plan id 124620060045.

Behandling i møtet

Habilitet

Anita Vindenes retta førespurnad om ugildskap jamfør forvaltningslova § 6. 2. ledd, då ho er nærmaste nabo til planen og har eigarinteresse i Sotragruppen og i småbåthamna som ligg i planen. Førespurnad vart samrøystes innvilga. Det var 10 representantar tilbake i møtet under behandling av denne saka.

Orientering

Ole-Karsten Midtgård orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Presentasjon er lagt ved saka

Votering

Felles endringsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 024/26

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-11, godkjenner plan- og miljøutvalet at forslag til detaljregulering for Heimavågen, gnr. 26, bnr. 180, 181 m. fl. – Vindenes, planID: 124620170005, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Med heimel i pbl. § 12-14 vert det varsla at ved vedtak av reguleringsplanen vil følgjande reguleringsplanar verte oppheva: reguleringsplan for Vindenes, plan id 124619900006, og utbyggingsplan for Vindenes, plan id 124620060045.

025/26: Vidare prosess for områderegulering for Branndalsåsen - GBNR 34/1 m-fl.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

I medhald plan- og bygningslova § 3-3 og § 12-1 vedtek plan- og miljøutvalet å gå vidare med planprosess i samsvar med alternativ 3.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Behandling i møtet

Orientering

Linn-Cecilie Bjordal Martinson orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Presentasjon er lagt ved saka

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 025/26

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

I medhald plan- og bygningslova § 3-3 og § 12-1 vedtek plan- og miljøutvalet å gå vidare med planprosess i samsvar med alternativ 3.

026/26: Fullmakt til å overføre gamle skulebygg - Glesnes, Telavåg, Algrøy og delar av Sund skule

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å overføre gamle Glesnes skule, Telavåg skule, Algrøy skule og Sund skule (gymsalen) til dei lokale grendelaga ved å signera avtalane som ligg ved.
2. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å selja, endra eller utvikla eigedomane dersom grendelaga ikkje godtek avtalane om overføring.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Endringsforslag frå H, KrF, Frp og SL-TVØ Michael Sangolt H

2. Dersom grendelaga ikkje godtek avtalane om overføring, skal eigedomane koma attende som ei eiga sak til politisk handsaming i løpet av hausten 2026.

Tilleggsforslag - Nytt punkt 3 Anita Vindenes H

Alle avtalar skal vera likelydande.

Behandling i møtet

Orientering

Mathias Vallestad orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Presentasjon er lagt ved saka

Votering

Forslag frå kommunedirektøren punkt 1 samrøystes tilrådd.

Endringsforslag til punkt 2 frå H, KrF, Frp og SL-TVØ samrøystes tilrådd.

Tilleggsforslag frå Anita Vindenes (H) samrøystes tilrådd.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 026/26

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

1. Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å overføre gamle Glesnes skule, Telavåg skule, Algrøy skule og Sund skule (gymsalen) til dei lokale grendelaga ved å signera avtalane som ligg ved.
2. Dersom grendelaga ikkje godtek avtalane om overføring, skal eigedomane koma attende som ei eiga sak til politisk handsaming i løpet av hausten 2026.
3. Alle avtalar skal vera likelydande.

027/26: Sal av kommunal kai - Stegavika - GBNR 234/180 og 234/183

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Formannskapet vedtek å frådela parsell av gbnr. 234/180 og leggja den ut på den opne marknaden for sal, saman med bnr. 183.
2. Formannskapet gjer kommunedirektøren fullmakt til å selje eigedomen av gnr. 234 bnr. 180 og gnr. 234 bnr. 183 til marknadspris.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes tilrådd

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 027/26

Plan- og miljøutvalet har slik tilråding i saka:

1. Formannskapet vedtek å frådela parsell av gbnr. 234/180 og leggja den ut på den opne marknaden for sal, saman med bnr. 183.
2. Formannskapet gjer kommunedirektøren fullmakt til å selje eigedomen av gnr. 234 bnr. 180 og gnr. 234 bnr. 183 til marknadspris.

028/26: Forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune - Høyring

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

I medhald av forvaltningsloven § 37 godkjenner plan- og miljøutvalet at forslag til forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Behandling i møtet

Orientering

Mathias Høium Grøgaard orienterte om saka og svarte på spørsmål frå utvalet. Presentasjon er lagt ved saka

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 028/26

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

I medhald av forvaltningsloven § 37 godkjenner plan- og miljøutvalet at forslag til forskrift om opning av jakt på hjort, minsteareal som grunnlag for fellingsløyve og fellingsavgift for hjort i Øygarden kommune, vert lagt ut til offentleg ettersyn.

029/26: GBNR 238/675 og 789 - Klage på delegert vedtak 020/26 - Vedtak om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av støyskjerm i form av torvmur

Forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klagen til følge og delegert vedtak 020/26, datert 18.02.2026, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Utsetjingsforslag Michael Sangolt H

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

Behandling i møtet

Votering

Utsetjingsforslaget frå Michael Sangolt (H) vart samtøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 029/26

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

030/26: GBNR 246/10 - Klage på delegert vedtak 1641/25 - Avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av påbygg til garasje

Forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet vedtek å ikkje ta klagen til følge og delegert vedtak 1641/25, datert 20.11.2025, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Utsetjingsforslag Michael Sangolt H

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

Behandling i møtet

Votering:

Utsetjingsforslaget frå Michael Sangolt (H) vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 030/26

Plan- og miljøutvalet utset saka og ber om synfaring.

031/26: Klage på plan- og miljøutvalet sitt vedtak 004/26 - Vedtak om dispensasjon

Forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klagen til følge og politisk vedtak 004/26, datert 29.01.2026, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 031/26

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klagen til følge og politisk vedtak 004/26, datert 29.01.2026, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

033/26: GBNR 50/663 - Klage på delegert vedtak 021/26 - Avslag på søknad om tiltak med dispensasjon

Forslag til vedtak

Plan- og miljøutvalet tek ikkje klagen til følge og delegert vedtak 021/26, datert 02.02.2026, vert sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Endringsforslag frå H, KrF, Frp og SL-TVØ Michael Sangolt H

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

Plan- og miljøutvalet tek klage over delegert vedtak 021/26 av 02.02.2026 til følge og gir dispensasjon frå funksjonell strandsone §23, arealføremålet bustad på land og bruk av vern av sjø og vassdrag i kommuneplanen for utlegging av flytebrygge og etablering av kai og trapp på gbnr 50/663, jf Plan- og bygningslova §19-2.

Det vert gjeve løyve i eitt trinn for utlegging av flytebrygge og etablering av kai og trapp på gbnr 50/663, jf. Plan- og bygningslova §21-4.

For grunngjeving blir det vist til vurderinga nedanfor.

PMU vurderer klagesaka slik:

Utvalet viser til vurderinga som er gjort av kommunedirektøren om krav til dispensasjon, og legg denne til grunn. Vidare er utvalet delvis samd i vurderinga av kva føremål, ulempe og fordelar som er relevant i saka. Utvalet vurderer vekta av nemnde omsyn annleis, og meiner at vilkåra for dispensasjon i saka er oppfylt.

Første vilkår er at *«hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt»*. Utvalet vurderer at omsyna blir sett til side, men ikkje i vesentleg grad. Vilkåret er soleis oppfylt, og grunngjevinga for dette er:

Utvalet legg til grunn at tiltaket inneber eit avvik frå gjeldande føresegner om strandsoneforvaltning. Omsyn som ligg bak desse føresegna er mellom anna å sikre allmenn tilgang, natur- og landskapsverdiar, og å motverke uheldig nedbygging av strandsona.

Etter ei konkret vurdering finn utvalet at desse omsyna delvis vert tilsidesette med tiltaket, men ikkje i vesentleg grad. Det er lagt særleg vekt på at området allereie er omfattande utbygd med tilsvarande tiltak, og at tiltaket ikkje vil medføre ein vesentleg endring av eksisterande situasjon.

Det er vidare ikkje registrert særleg viktige og spesielle interesser knytt til kultur, natur eller friluftsliv. Utvalet er medviten på at ein generelt skal vere særst varsam med tiltak som kan svekke strandsonevernet og at nasjonale føringar om ei restriktiv forvaltning av areala her, skal ha ein sterk posisjon. Tiltaket vil ha innverknad men det vert vurdert at relevante omsyn ikkje i u høveleg grad vert sett til side.

Utvalet viser til framlagde kartskisser og foto som dokumenterer eksisterande situasjon i området. Strandsona i området er i stor grad utbygd med naust og flytebrygger. Gjeldande arealplan viser gul byggesone som strekkjer seg heilt ned til sjøen, mellom anna i området kalla Klubben. Det er få attverande ubebygde eigedomar. Tiltaket synes å balansere både vern og bruk i høve til arealforvaltning og gjeldande omsyn.

Tiltaket er av avgrensa omfang og vil etter utvalet sin vurdering ikkje medføre vesentlege terrenginngrep eller privatiserande effekt utover det som allereie følgjer av eksisterande utbygging og miljø i området. Det er viktig å påpeike at eit slikt syn er understøtta av ein konkret og heilskapleg vurdering av omsøkte tiltak og den påverknad på tilstøytande eigedomar, allmenn tilgjenge og bruk av strandsona, tiltaket kan ha. Det framstår både som funksjonelt og intensjonsbasert som naturleg kan høyre heime innanfor arealføremålet med låg visuell profil og minimal landskapsverknad.

Utvalet vurderer vidare at andre vilkår for dispensasjon er oppfylt. Det andre vilkåret er at fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

Det er utvalet sin generelle oppfatning og standpunkt at eit tiltak i hovudsak skal ha heimel i arealføremål og ein overordna kommuneplan som legg til rette for utbygging til friluftsliv og sjørelaterte aktivitetar. Det er av stor betydning at strandsona er ein viktig ressurs som må balanserast mellom private utbyggingsinteresser og allmenne føremål.

Det er likevel slik at utvalet, i denne heilt konkrete saka, ikkje kan sjå klare direkte ulemper med tiltaket då det som nevnt er gjort grundige utgreiingar og vurderingar i høve til verknader og moglege påverknad for alle aktuelle tilhøve. Det er også pårekneleg å forvente ei utnytting og utvikling av ein eigedom med bustadføremål med strandlinje, sett frå omgjevnadane si side.

Den omsøkte eigedomen ligg mellom naboeigedomar som begge er utbygde med flytebrygger. Eigedomen er brattlendt og eksponert mot ope fjordområde, og er utsett for vind og bølgepåverknad frå nord og nordvest. Etter utvalet sin vurdering er etablering av kai og flytebrygge ein føresetnad for trygg tilkomst til sjø og dermed gjev ein meir funksjonell nytte av eigedomen.

Utvalet vurderer difor at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene. Sjølv om fordelar her er av meir privat karakter, blir det lagt avgjerande vekt på at tiltaket vil sikre trygg tilkomst til sjøen for båtbruk, noko som etter dei naturgitte tilhøva på staden framstår som naudsynt og tenleg for ei forventa utnytting av eigedomen. Det er også i stor grad i tråd med overordna kommuneplan som gjev rom for og fremjar berekraftig bruk av kystsona som ein viktig ressurs for innbyggjarar innanfor ramma av omsyn til natur, landskap og allmenne interesser.

Når det gjeld omsynet til funksjonell strandsone, legg utvalet vekt på at dette omsynet i avgrensa grad gjer seg gjeldande i området, då byggesona etter gjeldande plan går heilt ned til sjøen og strandsona elles er utbygd med fleire tilsvarande tiltak.

Det er også lagt vekt på at området i liten grad er eigna for allmenn rekreasjon som bading, då det er eksponert for vêr, vind og bølger. Det finst alternative, tilrettelagde friluftsområde i nærleiken som i større grad ivaretek slike omsyn. Når det heller ikkje er reelle og realistiske alternativ er det utvalet sin vurdering at fordelane ved omsøkt løysing er klart større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er dermed oppfylt og utvalet gir dispensasjon, jf. pbl § 19-2.

Det vert elles vist til utfyllande merknader gitt i tilsvaret og klagebrev.

Når vilkåra er oppfylte skal kommunen vurdere om den vil gje dispensasjon, jf. vurderinga av «kan». Utvalet vel å gje dispensasjon i tråd med søknaden ettersom vilkåra for dette er oppfylt.

Utvalet sett ikkje vilkår for dispensasjon.

Behandling i møtet

Votering:

Endringsforslag frå H, KrF, Frp og SL-TVØ vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 033/26

Plan- og miljøutvalet har slik vedtak i saka:

Plan- og miljøutvalet tek klage over delegert vedtak 021/26 av 02.02.2026 til følge og gir dispensasjon frå funksjonell strandsone §23, arealføremålet bustad på land og bruk av vern av sjø og vassdrag i kommuneplanen for utlegging av flytebrygge og etablering av kai og trapp på gbnr 50/663, jf Plan- og bygningslova §19-2.

Det vert gjeve løyve i eitt trinn for utlegging av flytebrygge og etablering av kai og trapp på gbnr 50/663, jf. Plan- og bygningslova §21-4.

For grunngjeving blir det vist til vurderinga nedanfor.

PMU vurderer klagesaka slik:

Utvalet viser til vurderinga som er gjort av kommunedirektøren om krav til dispensasjon, og legg denne til grunn. Vidare er utvalet delvis samd i vurderinga av kva føremål, ulempe og fordelar som er relevant i saka. Utvalet vurderer vekta av nemnde omsyn annleis, og meiner at vilkåra for dispensasjon i saka er oppfylt.

Første vilkår er at *«hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt»*. Utvalet vurderer at omsyna blir sett til side, men ikkje i vesentleg grad. Vilkåret er soleis oppfylt, og grunngjevinga for dette er:

Utvalet legg til grunn at tiltaket inneber eit avvik frå gjeldande føresegner om strandsoneforvaltning. Omsyn som ligg bak desse føresegna er mellom anna å sikre allmenn tilgang, natur- og landskapsverdiar, og å motverke uheldig nedbygging av strandsona.

Etter ei konkret vurdering finn utvalet at desse omsyna delvis vert tilsidesette med tiltaket, men ikkje i vesentleg grad. Det er lagt særleg vekt på at området allereie er omfattande utbygd med tilsvarande tiltak, og at tiltaket ikkje vil medføre ein vesentleg endring av eksisterande situasjon.

Det er vidare ikkje registrert særleg viktige og spesielle interesser knytt til kultur, natur eller friluftsliv. Utvalet er medviten på at ein generelt skal vere særst varsam med tiltak som kan svekke strandsonevernet og at nasjonale føringar om ei restriktiv forvaltning av areala her, skal ha ein sterk posisjon. Tiltaket vil ha innverknad men det vert vurdert at relevante omsyn ikkje i u høveleg grad vert sett til side.

Utvalet viser til framlagde kartskisser og foto som dokumenterer eksisterande situasjon i området. Strandsona i området er i stor grad utbygd med naust og flytebrygger. Gjeldande arealplan viser gul byggesone som strekkjer seg heilt ned til sjøen, mellom anna i området kalla Klubben. Det er få

attverande ubebygde eigedomar. Tiltaket synes å balansere både vern og bruk i høve til arealforvaltning og gjeldande omsyn.

Tiltaket er av avgrensa omfang og vil etter utvalet sin vurdering ikkje medføre vesentlege terrenginngrep eller privatiserande effekt utover det som allereie følgjer av eksisterande utbygging og miljø i området. Det er viktig å påpeike at eit slikt syn er understøtta av ein konkret og heilskapleg vurdering av omsøkte tiltak og den påverknad på tilstøytande eigedomar, allmenn tilgjenge og bruk av strandsona, tiltaket kan ha. Det framstår både som funksjonelt og intensjonsbasert som naturleg kan høyre heime innanfor arealføremålet med låg visuell profil og minimal landskapsverknad.

Utvalet vurderer vidare at andre vilkår for dispensasjon er oppfylt. Det andre vilkåret er at fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

Det er utvalet sin generelle oppfatning og standpunkt at eit tiltak i hovudsak skal ha heimel i arealføremål og ein overordna kommuneplan som legg til rette for utbygging til friluftsliv og sjørelaterte aktivitetar. Det er av stor betydning at strandsona er ein viktig ressurs som må balanserast mellom private utbyggingsinteresser og allmenne føremål.

Det er likevel slik at utvalet, i denne heilt konkrete saka, ikkje kan sjå klare direkte ulemper med tiltaket då det som nevnt er gjort grundige utgreiingar og vurderingar i høve til verknader og moglege påverknad for alle aktuelle tilhøve. Det er også pårekneleg å forvente ei utnytting og utvikling av ein eigedom med bustadføremål med strandlinje, sett frå omgjevnadane si side.

Den omsøkte eigedomen ligg mellom naboeigedomar som begge er utbygde med flytebrygger. Eigedomen er brattlendt og eksponert mot ope fjordområde, og er utsett for vind og bølgepåverknad frå nord og nordvest. Etter utvalet sin vurdering er etablering av kai og flytebrygge ein føresetnad for trygg tilkomst til sjø og dermed gjev ein meir funksjonell nytte av eigedomen.

Utvalet vurderer difor at fordelane ved tiltaket er klart større enn ulempene. Sjølv om fordelar her er av meir privat karakter, blir det lagt avgjerande vekt på at tiltaket vil sikre trygg tilkomst til sjøen for båtbruk, noko som etter dei naturgitte tilhøva på staden framstår som naudsynt og tenleg for ei forventa utnytting av eigedomen. Det er også i stor grad i tråd med overordna kommuneplan som gjev rom for og fremjar berekraftig bruk av kystsona som ein viktig ressurs for innbyggjarar innanfor ramma av omsyn til natur, landskap og allmenne interesser.

Når det gjeld omsynet til funksjonell strandsone, legg utvalet vekt på at dette omsynet i avgrensa grad gjer seg gjeldande i området, då byggesona etter gjeldande plan går heilt ned til sjøen og strandsona elles er utbygd med fleire tilsvarande tiltak.

Det er også lagt vekt på at området i liten grad er eigna for allmenn rekreasjon som bading, då det er eksponert for vêr, vind og bølger. Det finst alternative, tilrettelagde friluftsområde i nærleiken som i større grad ivaretek slike omsyn. Når det heller ikkje er reelle og realistiske alternativ er det utvalet sin vurdering at fordelane ved omsøkt løysing er klart større enn ulempene. Vilkåra for dispensasjon er dermed oppfylt og utvalet gir dispensasjon, jf. pbl § 19-2.

Det vert elles vist til utfyllande merknader gitt i tilsvar og klagebrev.

Når vilkåra er oppfylte skal kommunen vurdere om den vil gje dispensasjon, jf. vurderinga av «kan». Utvalet vel å gje dispensasjon i tråd med søknaden ettersom vilkåra for dette er oppfylt.

Utvalet sett ikkje vilkår for dispensasjon.

032/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Plan- og miljøutvalet 23.04.2026

Trafikktryggleik i Skogsvåg skule Symphorien Pombe SV

Jeg viser til mitt forrige spørsmål om ønske om synfaring ved Skogsvåg skole knyttet til behovet for autovern for å bedre trafikktryggleiken.

Jeg vil gjerne høre fra hovedutvalgsleder om det er mulig å gjennomføre en slik synfaring en onsdag fra kl. 14.00.

Svar:

Det har tidlegare vore gjeve følgjande svar til PMU om trafikktrykkleiken på staden:

Trafikktryggleiken langs fortauet der bussane stiller seg opp når skuledagen er over, vert vurdert som tilstrekkeleg. Det vart gjort endring i oppmerking i 2020 slik at borna har oppmerka soner der dei skal vente før påstigning. Eit autovern langs denne strekninga ville kunne gje andre utfordringar i høve tryggleik. Det er viktig at elevane jamnleg vert minna på kva åtferd som er ønskjeleg ved av og påstigning av skulebussen.

Tiltaket er difor ikkje prioritert som eit tiltak i budsjettet for 2026, der har trafikktrykkleikplanen vore førande for kva som er spelt inn.

Behandling i møtet

Vedtak i Plan- og miljøutvalet 23.04.2026 - saksnr. 032/26

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.